



## Notat

Dato: 15.05.2018  
Arkivsak: 2018/11085-1  
Saksbehandlar: ingdosk

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Oppsummering etter møte mellom Kystverket og Sogn og Fjordane og Hordland fylkeskommunar - Overføring av dei statlege fiskerihamnene til fylkeskommunane.

Møtestad: Hordaland fylkeskommune 08.05.2015 Kl. 12.00 – 14.30

Til stade:

- Kystverket ved
  - o Knut Stenevik, avd. leder
  - o Sven Martin Tønnesen, avd. direktør
  - o Jarle Strand, sjefsingeniør
  - o Ingvild Kragset, seniorrådgjevar (jurist)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune ved
  - o Lena Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga
  - o Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
- Hordaland fylkeskommune ved
  - o Bård Sandal, regionaldirektør
  - o John Martin Jacobsen, seniorrådgjevar samferdselavdelinga
  - o Inge Døskeland, seniorrådgjevar regionalavdelinga

Bakgrunn

Fylkeskommunane ynskjer som lekk i regionreforma overføring av statlege oppgåver. Oppgåveoverføringa er heimla i «Prop. 84 S (2016-2017) – Ny inndeling av regionalt folkevalgt nivå, Innst. 385 S». Eigarskap, forvaltning, drift og vidare utbygging av statlege fiskerihamner skal overførast til fylkeskommunane etter nærmere avtale med det enkelte fylke.

Fiskerihamnene speler ei rolle for regional verdiskaping, og ikkje minst for rural busetting.

Fylkeskommunane får ved denne reforma stor fridom til å forvalte den utviklingsretta delen av oppgåva gjennom å velje om midlar skal lysast ut og eventuelt til kva prosjekt dei skal nyttast til.

Tidsplan (frå Kystverket si presentasjon)

«2018

- Sommeren: Oppstartsmøter med fylkesregionene

- Senest 30. september: Innspillsrunde fra regionene på utkast til avtale, tidsplan etc
  - 31. desember: Kystverkets kartlegging ferdig
- 2019**
- Senest 1. mars: Fylkesregionene får tilgang til kartleggingsmaterialet
  - Våren: Fylkesadministrasjonen fremmer sak til politisk beslutning
  - Juni: Staten v/Kystverket og den enkelte fylkesregion inngår avtale
  - Eventuelle informasjons- og kompetansetiltak
- 2020**
- Overtakelse 1. januar
  - Tinglysing fra og med 2020»

#### Generelle vurderinger

Oversikt frå Kystverket syner at Vestland fylkeskommune med i overkant av 150 installasjonar vil bli største eigar av fiskerhamner i Noreg frå 2020.

Oppgåva som er tenkt overført er fleirdelt. I hovudtrekk snakkar vi om tre hovudinnretningar: overføring av eigarskapet for fiskerihammnene (eigedom og fysiske innretningar), vedlikehald, samt overtaking av tilskotsmidlar. Oppgåvene kan dermed passe inn i flere av fylkeskommunane sine einingar som eigedomsavdeling, samferdselsavdeling og regional/næringsavdeling

- **Overtaking av eigarskap** til anlegg og installasjonar, som til dømes hamner, moloar, kaiar, fortøyningsinnretningar og tilhøyrande landområde og avtalerett (privatrettslege eigarretter), vil krevje juridisk kompetanse.
  - **Vedlikehaldsansvar** i samband med større skader på desse anlegga. Vil krevje byggteknisk kompetanse og bestillerkompetanse. I snitt ligg vedlikehaldskostnadane på kr. 25 mill. år for landet samla. Kommunane har gjennom separate kommunestyrevedtak ansvar for enkle reperasjonar og «dagleg vedlikehald»
  - **Utviklingsretta** oppgåver. Frå to budsjettpostar: Nasjonal transportplan og stønadsmidlar (post 30 og post 60) i Statsbudsjettet. Utlysing av stønadsmidlar for bygging av ny infrastruktur vil krevje kompetanse som regionalutviklar. Midlane er foreslått overført til fylkeskommunane som frie midlar.
- Det kom fram i møtet at Kystverket nytta stadig mindre ressursar til å forvalte fiskerihamner. Tidlegare var 15-16 årsverk for heile landet, nå er ein nede i 5-6 årsverk, og ein reknar med at dette talet går mot null. Dette skuldast dels mindre aktivitet, og dels høg effektivitet ved at personell har fiskerihamneoppgåver som mindre del av andre oppgåver. Kystverket ser difor ikkje for seg å overføre stillingsressursar i samband med oppgåveoverføringa. Dette peiker mot at fylkeskommunane vil måtte bruke vesentleg meir ressursar, og skaffe ny kompetanse, til å utføre oppgåvene.
  - Kystverket vil seinast innan mars 2019 ha ferdig oversikt over kva installasjonar (porteføljen) som skal overførast, og i kva tilstand desse objekta er i (i den grad denne informasjonen finnes). Det vil vere varierande grad av «vedlikehaldsetterslep».
  - Det ligg i avtaleutkastet (vedlegg) at Kystverket/Staten før overtakinga kan og vil selje «ikkje næringsaktive» hamner, og etterhald om at desse ikkje vert omfatta av avtalen om overføring av porteføljen. Dette er med andre ord ei potensiell inntektskjelde som ikkje vert overført til fylkeskommunane.
  - Anlegga vert overført «as is» med dei pliktar som kystverket har for anlegga. Til grunn for eigarskapen ligg grunneigar-erklæringer der grunneigar i alle framtid har avgitt grunn og med evigvarande bruksrett til ymse føremål i fiskerihamna (molo, båtopptrekk, kai, fortøyning etc). Desse rettane vil overførast frå Kystverket til fylkeskommunane.
  - Kystverket vil overføre digital informasjon for kvart objekt. Det manglar for ein stor del presise georefererte data med tilknytt eigenskapsinformasjon og metadata.
  - Staten sin kompensasjon og finansiering av oppgåvene som fylkeskommunen skal utføre, er tenkt som auke i dei frie rammeoverføringane til fylkeskommunen. Det er på noverande tidspunkt ikkje fastslått størrelse på beløp og kor langsiktig denne ordninga vert.

Det er utfordrande at det ikkje er føreseielege og langsiktige statlege økonomiske og personellmessige rammer til å utføre oppdraget og forvalte eigarskapet til hamnene. Det er naudsynt for fylkeskommunane å snarast mogleg avklare dei kort- og langsiktige økonomiske rammeføresetnadene for oppgåveoverføringa. I dette ligg å gå gjennom og tolke Stortinget sine vedtak og intensjonar i saka. Det er viktig å presisere at overføringa skal skje etter «nærare avtale» med den enkelte fylkeskommune, og at rammeføresetnadene dermed ikkje er gitt. Fylkeskommunane kan sette fram «motkrav» til avtaleutkast som vert lagt fram. Vidare bør KS trekkjast tettare inn i forhandlingane mellom Samferdselsdepartementet (SD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for å sikre at fylkeskommunane både får ei mest mogleg likelydande avtale, og for å sikre ressursar til å utøve oppgåver knytt til best mogleg forvaltning av eigarretter, utvikling og vedlikehald.

Kystverket la fram eit utkast til avtale om overføring av statlege fiskerihamner frå Staten (v/Kystverket) og til fylkeskommunane. Dei ber om tilbakemelding innan 30. september på det juridiske i denne avtala, Avtala ligg lagt ved denne oppsummeringa.

#### Vedlegg

- 1 Kystverket, utkast til avtale med fylkeskommunane
- 2 Dei statlige fiskerihavnene - Bestilling frå Samferdsledepartementet til Kystverket